



Vi skal lese eit utdrag frå denne boka

Vi føregrip kva boka handlar om

Før vi les ei bok, kan det vere lurt å samtale litt om framsida til boka. Det kan også vere lurt å lese baksida av boka eller eit samandrag av handlinga.

Når vi gjer dette, koplar vi oss på teksten. Vi gjer oss nokre tankar om kva vi skal lese om. Då kan det bli både enklare og kjekkare å lese forteljinga og forstå det vi les.



Sjå på framsida

Kva type forteljing trur de dette er?

Kva trur de denne boka handlar om?

Kvar i Noreg trur de handlinga skjer?

Kven trur de er hovudpersonen i boka?

Kvífor trur de personen er pikselert?

Kven trur de personen med finlandshette er?



Sjå på tittelen

Tittelen er Kode 6 – Ingen må vite kven du er.

Kva trur de «Kode 6» står for?

Bruk Internett og finn ut kva «Kode 6» betyr.

Kva trur de boka handlar om no?



Samandrag av handlinga så langt

Kasper bur i det vesle fiskeværet Vågen der alle kjenner alle. Han er den einaste i sjuandeklasse som ikkje har ein besteven. Denne hausten håpar Kaspar at han også skal få nokon å henge med, for Stian har nett flytta inn i Blåhuset.

Men det er noko mystisk med den nye guten. Han har hemmeleg nummer, pratar lite, og på bagen hans står det Bastian Jensen.

Kasper kan ikkje gi opp av den grunn. Han viser Stian rundt på heimstaden, tar han med heim på besøk, og no har han invitert seg sjølv til Blåhuset.




Les kapittel 6 og 7
høgt i klassa



KODE 6
Ingen må vite kven du er


Medan vi les

Kva har desse gjenstandane med det som skjer i romanutdraget å gjere?



Etter vi har lese

- 1) Korleis heng dei tre gjenstandane saman med hendingane i romanutdraget? Set dykk saman i små grupper og snakk saman om kva slags situasjon dei ulike gjenstandane viser til i romanen.
- 2) Kva trur de Stian og mora skjuler? Kvifor trur de dette?
- 3) Kva slags rolle speler Henriksen i saka, trur de?



Skrive fram spenning

Forteljinga er ei spenningsforteljing.

I ei spenningsforteljing skaper forfattaren spenning på mange måtar. Ein av desse måtane er å skildre omgivnader, lydar, lukter og folk slik at kjensla av spenning aukar for oss som les.

Beskrive omgjevnader

I ei spenningsforteljing vil forfattaren ofte skape spenning gjennom korleis han skildrar omgivnader med alle sansar.

Dei vi ser, luktar, høyrer og kjenner, kan skape spenning.

Korleis er Blåhuset skildra?

Svar på oppgåvane på arbeidsarket.

Kan du karakterisere huset med eitt ord?

KODE 6 Kapittel 6

Blåhuset



Korleis er utsida av huset skildra?

Korleis luktar det i huset?

Kva lydar er i huset?

Korleis er romma i huset skildra?

Stova

Rommet til Sitan

Gangen

Korleis er omgivnadene skildra?

Korleis er huset plassert?

Skildre personar

I ei spenningsforteljing vil forfattaren også skape spenning gjennom korleis han skildrar personar.

Korleis ser dei ut? Korleis går dei? Korleis snakkar dei?

Korleis er mor til Stian skildra?

Gjer arbeidsarket

Kan du karakterisere mor til Stian med eitt ord?

KODE 6

Kapittel 6

Mor til Stian



Korleis ser
mor til Stian
ut?

Korleis går ho?

Korleis
snakkar ho?

Kva seier
ho?

Kva gjer ho?

Kva for eit ord vil du bruke for å karakterisere:

Mor til Stian?

Blåhuset?

Vis, ikkje fortel

I teksten finn vi mange døme på at forfattaren viser, meir enn han fortel, kva som skjer. Teksten blir som ein film, vi kan leve oss inn i kva karakterane i boka ser, luktar, høyrer og kjenner. I ei spenningsforteljing kan dette auke spenninga.

Når ein skal få elevar til å skrive tekstar med denne forteljeteknikken, seier ein ofte «vis, ikkje fortel».

Finn de døme i teksten på at forfattaren gjer dette?

Vis, ikkje fortel

Vi har leita fram nokre situasjonar i teksten der forfattaren brukar denne forteljeteknikken.

Korleis viser teksten desse situasjonane?

KODE 6

Kapittel 7

Situasjon

Henriksen vil at Stian og mora skal vere trygge.

Korleis viser teksten dette?

Kasper lyttar og er redd for å bli oppdaga

Kasper er engsteleg for at Stian ikkje kan vere vennen hans lenger.

Kva skjer vidare?

- Du skal no tenkje ut kva som kan skje vidare i forteljinga.
- Du skal tenkje ut kva for nokre grep du må ta for å gjere forteljinga spennande vidare.
- Vi har laga nokre arbeidsark som kan hjelpe deg med korleis du kan gjere forteljinga spennande.




Skape spenning


Kva er verst
tenkelege utfall?



Korleis kan du få lesaren til å sjå
føre seg det verst tenkelege?




Kva konsekvensar kan
feiltrinn få?




Kvifor er målet viktig?




Kva skjer eigentleg?




Korleis kan du gjøre
utfallet meir usikkert?



Kvifor knyter lesaren seg
til hovudpersonen?




Korleis kan situasjonen bli
endå verre?



Kvifor er
hovudpersonen
engsteleg?



Kva informasjon
mangler vi?



Kan du skape håp om suksess?




Kva sansar hovudpersonen som aukar kjensla av angst?

Kva ser han?




Kva smaker han?



Kva kjenner han?




Kva luktar han?



Kva hører han?



Kva kjensler har han?



Korleis kan du skape spenning med dialogar, tankar, skildringar?

dialogar



tankar



skildringar



Skriv vidare på forteljinga

Bruk dei utfylte arbeidsarka som hjelp til å skrive vidare på forteljinga. Les forteljingane høgt for kvarandre i klasserommet.



Lån *Kode 6* på
biblioteket og
les vidare på
spennings-
forteljinga.

